

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 44/2006

Møtedato:6.9.06

Arkiv nr: 132

## **Søknad om tilskot – Vestre Slidre sau og geit**

Vestre Slidre sau og geit skriv i brev følgjande:

*Styret er i gang med å planlegge medlemsmøter med høveleg tema, plana er å ha ein fagkveld no i vår og ein utpå hausten /forjulsvinteren. I den samanhengen har vi prøvd å kartlegge kva dette vil koste oss med tanke på foredragshaldar, husleige/møterom, enkel bevertning og utsending av invitasjon.*

*To slike kveldar må vi rekne med vil kunne korna opp i om lag kr. 3600,-.*

*Styre kunne tenkje seg å få rydda stigar/ferdselsårer, dette er eit stadig nødvendig tiltak. Tidlegare rydding har vor organisert med bruk av ryddesag, to personar pr. sag ( ein kvistar/ryddar den andre fjernar nedkappa kvist). Løn og driftsutgifter (bensin , olje og transport) til desse to kjem då på om lag kr 2500,- til 3000,- pr. dag.*

*Antal ryddedagar vil vera avhengig av laget økonomi.*

*Ei oppgåve for Vestre Slidre Sau og Geit er å stimulere medlemmane til å produsere slakt av god kvalitet til rett tid. No når slakterisamvirket set sterk fokus på at lammeslakta ikkje er ynskjeleg over 23 kg (medfører stor prisnedgang), og heller ikkje for små, er det nødvendig å vega levandevakta på lamma for sending til slakt. Dette er det mange av medlemmane som ikkje har anledning til då dei ikkje har vekt til formålet. Styret meiner det er behov for ei slik kassevekt i laget som kan lånast eller leigast for ein rimeleg sum. Det er fleire firma som forhandlar slike vekter, kan skaffast til omlag kr. 6500,-.*

*Styret håpar at Vestre Slidre Fjellstyre kan støtte oss økonomisk til desse formåla, slik at saueigarane i Vestre Slidre blir stimulerte til å oppretthalde drifta si og bidra til eit levande kulturlandskap i kornande år.*

Kopi av rekneskapet for 2005 syner at laget har kr 5.382 i banken.

Kommunen har gjeve tilsegn om kr 30.000 i SMIL-tilskot til rydding av stigar. Det er ikkje gjeve tilskot til fagkveldar og kassevekt. Dette er kostnadsrekna til kr 3.600,- og kr 6.500,-.

## **Vedtak:**

Fjellstyret gir eit tilskot på kr 2.000.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.9.06

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre sau og geit